

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 17. desember 2014

Krav om revisjon av 062.Z Teigdalsvassdraget (Teigdalselva)

FNF Hordaland er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Formålet er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ta vare på natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i fylket. Følgjande organisasjonar har slutta seg til FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelinga og Syklistanes Landsforeining Bergen og omegn. Organisasjonane i FNF Hordaland representerar totalt over 36.000 medlemskap.

Med heimel i Vassdragsreguleringslova og på vegne av allmenne interesser i Hordaland, stiller me hermed krav om revisjon av gjeldande konsesjonar for 062.Z Teigdalsvassdraget.


Grunngjeving for krav om revisjon:

Teigdalselva er det største sidevassdraget til det nasjonale laksevassdraget Vosso, og er gyte- og oppvekstområde for den freda Vossolaksen. Vossolaksen var i si tid ein laks i verdsklasse med den største gjennomsnittlege storleiken av Atlantisk laks i heile verda, og er vurdert som ein unik ressurs både nasjonalt og internasjonalt. Teigdalselva er også ei av dei aller viktigaste elvane i Hordaland for fiske av sjøaure (sjå m.a. fangsstatistikk frå Miljødirektoratet), og er såleis ei svært viktig elv i sportsfiskesamanheng.

Vassføringa i Teigdalselva er i dag sterkt redusert, og det er ikkje krav til minstevassføring. Teigdalselva har eit stort potensiale for fiskeproduksjon, og redusert vassføring i elva er utpeika som ein flaksehals for produksjon av ungfisk (sjå m.a. "LIV" – livet i vassdragene, rapport nr. 194 LFI/Uni Miljø 2013).

I friluftslivssamanheng er Teigdalselva også viktig på grunn av dei unike eigenskapane den har for elvepadling. Elva er internasjonalt anerkjent, og elvepadlarar verda over kjem til Voss for å padle den såkalla "dobbeldroppen" (Kråkefossen) som omtalas som ei av verdas beste droppkombinasjonar. Grunna eksisterande utbyggingar er elva i dag ofte for "tørr" for elvepadling.

Det er to konsesjonar i Teigdalsvassdraget som kan revideras innan år 2022, og konsesjonær er BKK Produksjon AS. Det føreligg også planar for nye utbyggingar med ytterlegare fråføring av vatn frå vassdraget. Vi meiner det er avgjerande at det gjennomførast ein revisjon av eksisterande konsesjonar før det fattast vedtak i dei utbyggingssakene av tyding for vassdraget som no er til behandling hjå NVE.



forum for
natur og
friluftsliv

Aktuelle tiltak:

Vi meiner det må innførast slepp av tilstrekkeleg minstevassføring i vassdraget heile året. Det må i revisjonsprosessen gjennomførast undersøkingar for å avdekke kva slags drift/effektkjøring som gir den beste økologiske tilstanden for vassdraget. Vidare må ein sjå på om det kan gjerast tiltak for å betre forholda for elvepadling i elva.

Vi forventar at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggas til grunn i revisjonsprosessen.

Vennleg helsing

Johanna Myrseth Aarflot
Fylkeskoordinator
FNF Hordaland

Nils Tore Skogland
Dagleg leiar
Naturvernforbundet Hordaland

Alv Arne Lyse
Fylkessekretær
NJFF Hordaland

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag



Naturvernforbundet
i Hordaland



Bergen og Hordaland Turlag



Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Voss kommune
Vaksdal kommune
Fadnes og Mæstad Elveigarlag
Voss kajakkklubb